

Auto 88 mistar 7 arbeidsplassar

27.09.2010



Auto 88 blir redusert til verkstad-verksemda. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Dette er triste greier, seier Lars Myklebust og Christian Stensletten til uskedalen.no
 Dei to eigarane i Auto 88 må ein gong i oktober gå til det tunge skritt å kutta ut kioskdelen.
 Det er også ein tredje eigar - Siv Kristin Kyrkjedal..

**Dermed mistar verksemda og bygda 7 arbeidsplassar - 3 på heiltid og 4 på deltid.
 Verkstad-delen, som går i pluss, held fram med sine 4 arbeidsplassar.**

Grunnen til dette dramatiske skrittet er ein relativt stor svikt i omsetnaden som både skuldast ein landsomfattande tendens og fleire lokale faktorar.

Myklebust og Stensletten opplyser at det i fjor ikkje var nokon forteneiste på kioskdelen og at dei har tapt pengar også det siste halvåret. Så langt i år har kioskdelen hatt eit tap på 12 prosent.
 Når det gjeld lokale grunnar til nedgangen trekk dei to spesielt fram redusert sal etter dei positive ringverknadane av opptrappinga ved Eidsvik Skipsbyggeri.

Dei noverande eigarane har hatt kioskdelen i gang i 12 år. For 2 år sidan investerte dei ein betydeleg sum i opprusting av denne delen og det gav ei auke i omsetnaden, men sidan har det altså gått nedover.
 Ein av dei ansatte som no mistar jobben har vore ansatt i 12 år - altså sidan dei noverande eigarane overtok.
 - Kva med bensin-omsetnaden?
 - Vi satsar på lbruk av kort for bensin og diesel . Det er eit tilbod vi allereie har.
 Eit anna tilbod dei har hatt i fleire år og som heller ikkje blir kutta ut er vaskehallen.

Av Ola Matti Mathisen



Kioskdelen blir stengt i oktober. (Foto: Ola Matti Mathisen)